

Karstein Stene
Hellebakken 3
5039 Bergen
Tlf 934 63000

Vestland Fylkeskommune
Avdeling for Infrastruktur og veg

02.november 2023

**Søknad om fornying av løyve til avkøyrslø Fv 57-grn 118 Br 2 Alver
Kommune**

*

Henv: Kari Elster Moen
Lillian Bakke Byrknes
Byggesaksavdelinga Alver Kommune

På vegne av oppsittarane i Tyborgnes på Grn 120 Brn 3 Brn 4 og 11 i Alver viser eg til sak om løyve til avkøyrslø 03.01.17. Det er eg personleg som har fronta saka og eg talar her kun for meg og min familie.

Dette etter møter med Statens Vegvesen og gjaldt for 3. år og for å ta ut skog. Den skogen som er i Tyborgnes er for all del på desse eigedomane. Dette brevet er svar kun frå **Grn 120/3-4-11**, andre oppsittarar i Tyborgnes får tala for seg.

*

Tiltaket var basert på at Lindås kommune kontakta meg i 2012-2013? med framlegg om å starta å byggja skogsbilveg til Tyborgnes. Det var p.g.a. utbygging av Sverdrupfeltet at det under sprengning i Mongstadorrådet ville vera trong for dumpeplass for sprengstein og her var det ein god stad som ein av dumpeplassane og eit godt vegføremål. Sverdrupfeltet vart ikkje som fyrst tenkt Tyborgnes var einaste fastlandsgrend i Lindås kommune som var utan veg, dette hadde kommunen hatt føre seg som sak i 1930 åra, me arbeidde med dette i 1990 åra og no kom det att på 2000 talet.

*

Me var i gang i samarbeid med Lindås kommune. Fekk innhenta anbud på bygging av landbruksveg, hadde finansiering på plass, inkl. Kr. 1,9 millionar som var sett opp til tilskot for skogsbilveg bygging, slik som andre slike vegar får.

*

Eigaren av Grn 117/3 på Rosnes, pensjonist busett i Bergen, sette seg i mot og stoppa heile vegprosjektet.

Eg ringde Sigmund Bødal i Statens Vegvesen rett før løyvet si tid var ute og i

samtalen må eg ha misforstått, eg oppfatta at han sa at «eit løyve var eit løyve» som eg burde spurt meir om. Eg skulda ikkje Bødal for noko, feilen var min.

*

Tida går og me engasjerar advokat for å føra saka for jordskifteretten. Etter fleire år sakshandsaming har dei gjeve tiltaket vårt medhald og klagaren på Rosnes avslag.

I mellomtida fylgde eg ikkje med at løyve for avkøyrsløse var teke bort då Alver kommune arbeidde med det eg oppfatta som sykkelvegen Lindås-Mongstad.

Jordskifte har kosta meg utruleg mykje tid og Kr. 500.000.- i utlegg.

Dette løyve som var gitt av Statens Vegvesen var ikkje gitt oss med stor velvilje, det sat langt inne i etaten, møta med dei sit att i mitt minne som tiggjarferd.

Anbudet på vegbygging var NOK 5.2 millionar for å ta ut skogen, **fullstendig meiningslaust** å betala for oss for kun skogsuttak som Staten ba folk planta på 1960 talet og betalte 85% av kostnaden Me måtte heilt fram til Tyborgnes for å ta siste del av skogen, strekning 2.7 km

*

Heilt klart fylgde eg ikkje med og tar eigen kritikk for det. Dette var min store tabbe. Og skogen får berre stå i uminnelege tider.

*

So til brevet Dykkar av 19. oktober 2023.

Det er rett at det no var søkt om fornying av løyve til avkøyrsløse punkt på Tjukketla for landbruksveg Kl 4

De skriv på side 2 nederst:

«Denne vegen verkar og til å vera meir permanent bruk for hytter som ligg i enden av denne omsøkte landbruksvegen»

*

Tyborgnesgrenda består i dag av ei fastbuande, Margot Tyborgnes. 3.gardsbruk, Grn 20, brn 1, 3 og 4, med hovudhus og løer. Markene er klar for matproduksjon frå komande sesong, i betre stand enn mange andre av dei landbrukseigedomane i Nordhordland som ikkje er i drift. So er det ein eigedom som var bygd på 1930 talet av ein fiskebåtreiar. Stor kai for båten hans, Snurparen HAVBRAUT med sjøbu på kaien og hovudhus. I dag fritidseigedom.

Det er kun 2 hytter i Tyborgnes. Eigaren av ei døydde i sommar og etterkomarane hennar vil ikkje overta, det er for tungt å koma fram. Den hytta er for sal

Den replikken Dykkar om hytter ser eg på som svært **nedlatande** i haldning til oss borgarar og viser at De er ukjend i grenda og ikkje veit kva De snakkar om. Og dessutan, er det ikkje ein menneskerett å få veg fram til ei grend, desto meir som innbyggjarane skal betale den sjølv, men med von og tru på tilskot for skogsbilveg som i alle andre slike tilfeller, likheit for loven?

*

Brevet Dykkar er kjemisk fri for antydning til løysing av saka. Me kjem ikkje til Tyborgnes på vinterstid når isen ligg i Sundet, då må den fastbuande bu hjå ein av sønene sine på Lindås.

Mange av oss bur lenge på gardane våre, det har vore problem eit par gonger med å få helsehjelp fram då det ikkje er køyrande fram til grenda.

Jordskifteretten har pålagt oss å byggja to bommar langs vegen, den skulle ikkje verta køyrande for kven som helst. I tillegg to ferister.

*

Til slutt i Dykkar negative brev får eg opplyst at sjølv om Alver Kommune vil gje dispensasjon frå reguleringsplan om å kunne etablera avkøyrsla, vil dette koma til Dykk og det stiller De Dykk negativ til. Kva slags setning er dette? Skal tid brukast av Alver kommune, som får beskjed om at deira handsaming er bortkasta? Som om Vestland Fylke tar dette personleg. For eit system!

*

Me har i 55 år har vyrdsla og stelt om Tyborgnes på beste måte, Kfr **Byggeskikkprisen** t.d. og no ikkje skal få byggja landbruksveg ved mesteparten eigen kostnad er trist å oppleve, det er viljen til hjelp som skal til.

Eg vil personleg sei:

Gråt mi elskede barndomsbygd, eg tok vare på deg historisk og førte fortida di inn i bøker og ivaretok deg kulturelt i eit langt liv, Hans Majestet Kong Harald 5 gav meg påskjøning for det i 2001 med å tildela meg Kongens Fortenestemedalje for kva eg har tilført Lindås i skrift og Lindås Kyrkjepark i dugnad.

Eg hadda vente ei påskjøning frå det offentlege, Alver Kommune fyrst, noko som kosta berre rein velvilje, den er ikkje tilstades i Vestland Fylke, men som ynskjeleg er:

Få avkøyrsløse frå Tjukketla for bygging av landbruksveg til Tyborgnes,

Til slutt:

No tek eg ikkje opp kampen mot byråkratiet korkje i Alver Kommune, og i alle høve ikkje mot Vestland Fylke. Dette høyrer til ordtaket om : «Bondens høy og Bondens Havre» Det offentlege spelar nok på lag. Ein slik kamp er eg dømt til å tapa. Dertil kostar det pengar å få eit møte med Alver Kommune.

Eg tar brevet og haldninga Dykkar til inntekt for stor uvilje og motstand og legg bort vegprosjektet etter den negative haldninga eg her er møtt med.

*

Replikk til Lillian Bakke Byrknes. Eg har ringt deg nokre gonger men du ringjer ikkje tilbake. Slikt er god folkeskikk i det private næringsliv; min bakgrunn.

Med helsing
Karstein Stene

./ Vedlegg